



STAVANGER KOMMUNE

Kultur og byutvikling
Kultur

Postadr.: Postboks 8001, 4068 Stavanger
Besøksadr.: Olav Kyrres gate 23
Telefon: 04005. Faks: 51507026
E-post: postmottak.kbu@stavanger.kommune.no
www.stavanger.kommune.no
Org.nr. NO 964 965 226

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

DERES REFERANSE

VÅR REFERANSE
TRLI-12/3043-4

JOURNALNR.
29660/12

DATO
08.05.2012

SVAR – EVALUERING AV REGIONALE FILMFOND

Viser til Dykkar høyringsbrev av 27.02.2012.

Kommunalstyret for kultur og idrett vedtok 07.05.2012 einstemmig følgjande uttale:

Kommunalstyret for kultur og idrett tek evalueringsrapporten «For en neve dollar mer. En evaluering av den statlige støtten til regionale filmfond» til orientering, og støttar rapportens tilrådingar om modell for fordeling av den statlege støtta til dei regionale filmfonda.

Viser til avtalt utsetjing av høyringsfristen, og sender vedlagt saksprotokoll og saksframlegg for kommunalstyrets behandling.

Med helsing

Rolf Norås
kultursjef

Trond Lie
saksbehandlar

Saksprotokoll

Kultur og byutvikling

Postadr.: Postboks 8001, 4068 Stavanger
Besøksadr.: Olav Kyrres gate 23
Telefon: 04005. Faks: 51507026
E-post: postmottak.kbu@stavanger.kommune.no
www.stavanger.kommune.no
Org.nr. NO 964 965 226

REFERANSE
TRLI-12/3043-3

JOURNALNR.
29432/12

DATO
08.05.2012

Utvalg: Kommunalstyret for kultur og idrett
Møtedato: 07.05.2012
Sak: 52/12

Resultat: Enstemmig

Arkivsak: 12/3043
HØYRING - EVALUERING AV REGIONALE FILMFOND

Behandling:

Kommunalstyret for kultur og idrett sitt enstemmige vedtak:

Kommunalstyret for kultur og idrett tek evalueringsrapporten «For en neve dollar mer. En evaluering av den statlige støtten til regionale filmfond» til orientering, og støttar rapportens tilrådingar om modell for fordeling av den statlege støtta til dei regionale filmfonda.

Saksfremlegg

REFERANSE
TRLI-12/3043-2JOURNALNR.
23998/12DATO
15.04.2012

Saken behandles i følgende utvalg:	Sak nr.:	Møtedato:	Votering:
Kommunalstyret for kultur og idrett	/	07.05.2012	

HØYRING – EVALUERING AV REGIONALE FILMFOND

Forslag til vedtak:

Kommunalstyret for kultur og idrett tek evalueringsrapporten «For en neve dollar mer. En evaluering av den statlige støtten til regionale filmfond» til orientering, og støttar rapportens tilrådingar om modell for fordeling av den statlege støtta til dei regionale filmfonda.

HØYRING – EVALUERING AV REGIONALE FILMFOND

Kva saka gjeld

Kulturdepartementet har sendt evalueringsrapporten «For en neve dollar mer. En evaluering av den statlige støtten til regionale filmfond» på høyring med frist 1. mai 2012. Stavanger kommune har fått utvida høyringsfristen til 7. mai. Evalueringsrapporten er utarbeidd av konsultentselskapet Ideas2evidence. Rapporten følger saka som trykt vedlegg.

Evalueringsrapporten blei brukt som eitt av grunnlagsdokumenta for orienteringssaka om Filmkraft Rogaland som blei behandla av kommunalstyret 16.01.2012, sak 6/12. Rapportens omtale av Filmkraft blei tatt inn i saksframlegget som eigen tekstboks.

Kultursjefen har drøfta evalueringsrapporten med Rogaland fylkeskommune ved fylkeskultursjefen og Filmkraft Rogaland ved dagleg leiar. Kultursjefens tilrådingar i denne saka byggjer på desse drøftingane.

Evalueringsrapportens konklusjonar

Eitt av dei viktigaste måla med den statlege filmpolitikken dei seinare åra har vore å styrkja dei regionale filmmiljøa. Dei regionale filmsentra og filmfonda er reiskapane som skal omsetja målformuleringar til praksis. Evalueringsrapporten frå Ideas2evidence har sett på verksemda til dei regionale filmfonda (ikkje filmsentra) Film3 (Lillehammer, etablert i 2001), Fuzz (Bergen, etablert i 2006), Midtnorsk filmfond (Trondheim, etablert i 2006), FilmCamp (Målselv, etablert i 2005) og altså Filmkraft Rogaland.

Filmkraft er i dag åleine om å integrera funksjonane som filmsenter og filmfond i same selskap. I og med at dei årlege statlege tilskotta til den regionale filmbransjen er delt i to, – ein del øyremerka senterfunksjonen og ein del øyremerka fondsfunksjonen – har ein andre stader valt å organisera desse funksjonane i ulike selskap (jf. Bergen med Vestnorsk filmsenter og Filmfondet Fuzz). Noko av kritikken som i det seinare er reist mot Filmkraft handlar om denne organiseringa, der enkelte har snakka om «samanblanding» av roller og pengebruk. Filmkraft arbeider nå med å skilja ut fondsdelen i eit eige dotterselskap.

I evalueringsrapporten blir det vist til at medan den samla statlege stønaden til film er auka med snautt 80 prosent frå 2006 til 2012 (jf. Kulturløftet), – frå drygt 240 mill. kr til om lag 413 mill. – er den delen av dette som går til den regionale filmsatsinga (både senterverksemda og fondsverksemda) auka frå 7,1 prosent i 2006 til 11,1 i 2012 – frå drygt 18 mill. kr til snautt 52 mill. Rapporten konkluderer med (jf. kapittel 1) at «det har vært en positiv vekst i filmnæringen i alle de fem filmfondsregionene – en vekst som jevnt over er høyere enn i regioner uten fond og på en del områder også høyere enn i filmnæringens sentrum, Oslo og Akershus.» Men: «Til tross for en positiv utvikling i filmnæringen i de fem filmfondsregionene, har fondenes virksomhet ennå ikke ført til markerte forskyvninger av tyngdepunktene i filmnæringen.»

Kva så med regional profil og utvikling i dei fem regionane? «Om vi ser bort fra utviklings-tilskuddene, er det Fuzz og Midtnorsk som har den klart sterkeste regionale profilen på sine plasseringer. Svakest regional profil finner vi hos Film3 og FilmCamp. (...) Sammenligner vi tilveksten av selskap, hoder og verdiskaping i filmnæringen med de midlene som fondene har hatt til disposisjon, finner vi at det er blitt skapt mest vekst for pengene i Midt-Norge og i Fuzz-regionen. Minst vekst per tilført krone er det derimot blitt i Innlandet og i Troms. Det er derfor rimelig å

konkludere med at filmfondenes virksomhet har hatt en positiv effekt på utviklingen av de regionale filmmiljøene, men at denne effekten er størst i regioner hvor fondene har en klar og tydelig regional profil på sine plasseringer.» Av dei fem undersøkte filmregionane hamnar Rogaland og Filmkraft midt på treet i denne samanhengen.

Evalueringsrapportens tilrådingar

Det mest interessante med rapporten er tilrådingane i kapittel 6. Det er då også primært desse departementet har bedt høyringsinstansane om synspunkt på.

Prinsipp for fordeling av støtte mellom fonda

«Fordelingen av den statlige støtten mellom de fem regionale fondene har ligget fast siden ordningen ble formalisert i 2008. Tre av fondene, Film3, Fuzz og FilmCamp, mottar 2,5 millioner per år, Filmkraft 2,0 millioner og Midtnorsk 1,0 millioner. Bortsett fra en økning på en halv million til Filmkraft, var dette en videreføring av den fordelingen og det nivået som var etablert før ordningen ble formalisert. Det er ikke noe som tyder på at denne fordelingen er basert på et formelt fordelingsprinsipp.» (s. 100)

Ideas2evidence foreslår at det nå blir innført ei ordning der fordelinga tek utgangspunkt i storleiken på filmbransjen i den enkelte regionen samt fonda si evne til å mobilsera og plassera regional kapital (jf. kriteriemodell på s. 104).

Det er her verdt å merka seg at ein legg opp til andre kriterium for støtta til filmfondverksemda enn for filmsenterverksemda. Sistnemnde er nyleg lagt om basert på ein i hovudsak folketalsbasert kriteriemodell, der støtta blir rekna ut frå folketalet i regionen senteret skal dekkja, og der folketalsmessig svake regionar med store avstandar (i nord) får folketalet multiplisert med ein faktor på 2,0, medan det folkerike austlandsområdet får folketalet multiplisert med ein faktor på 0,5. Denne modellen blei utforma av departementet etter drøftingar med dei regionale filmsentra. Modellen blei sendt på høyring, og kommunalstyret gav si høyringsuttale og støtte til modellen i sak 23/11.

«Vi tror ikke folketall er et relevant element i en kriteriemodell for fordeling av statlig støtte til de regionale filmfondene», skriv Ideas2evidence. «Å inkludere folketall i kriteriemodellen for filmsentrene kan kanskje begrunnes med sentrenes arbeid for talentutvikling og for barn og unge, arbeidsområder som i noen grad er relatert til størrelsen på den befolkningen de betjener. For de regionale fondene er befolkningsstørrelsen irrelevant. Fondene skal møte en regional filmnærings behov for finansiering av film i kommersielle formater. Det er derfor størrelsen på denne næringen som bør veie tyngst i fordelingen av støtte mellom fondene.» (s. 101)

Krav om regional matching

«Kravet om regional matching av det statlige tilskuddet var et sentralt element i den nye tilskuddsordningen som ble vedtatt av Stortinget i 2007. Kravet har vært et viktig insentiv for regionene til å tilføre frisk kapital til fondene og ordningen har så langt vi kan se fungert etter intensjonen. Som vist i kapittel tre har hver ny krone staten har bevilget i tilskudd til regionale filmfond gitt nokså nøyaktig to nye kroner til norsk film. Kravet er blitt skjerpet noe inn underveis med en entydig presisering av at det regionale beløpet ikke skal inkludere tilskudd til drift. Slik ordningen praktiseres i dag, må fondene dokumentere at de har friske regionale midler direkte tilgjengelig for plassering før de får frigjort det statlige tilskuddet.» (s. 105)

Med enkelte meir tekniske presiseringar ad utrekning og utbetaling av tilskottet, tilrår Ideas2evidence at ordninga blir vidareført.

Støtte til filmar som mottek produksjonstilskott frå Norsk Filminstitutt (NFI)

«Spørsmålet om de regionale fondene skulle kunne plassere midler i film som allerede har mottatt produksjonsstøtte fra NFI, ble som nevnt i kapittel to, ett av de store diskusjonstemaene i debatten rundt omleggingen av den norske filmpolitikken i 2007. (...) Vedtaket som ble gjort (av Stortinget) kan ses som et kompromiss i den forstand at begrensningene ble lagt på de statlige midlene, men ikke på de regionale.» (s. 107)

Ideas2evidence foreslår nå å ta bort denne avgrensinga: «Kravet om at de statlige midlene ikke skal kunne benyttes til finansering av filmprosjekt som allerede har mottatt produksjonstilskudd fra NFI, har etter vår vurdering ikke lenger noen berettigelse. De ulike argumentene som i sin tid ble benyttet for å underbygge dette kravet, har så langt vi kan se begrenset gyldighet. Vi vil derfor anbefale at denne begrensningen faller bort, og at eventuelle behov for å påvirke fondenes prioriteringer oppnås gjennom justeringer av kriteriemodellen.» (s. 13)

Kultursjefens vurdering

Kultursjefen meiner evalueringsrapporten «For en neve dollar mer. En evaluering av den statlige støtten til regionale filmfond» gir ei grundig og god oppsummering av utviklinga og situasjonen for dei regionale filmfonda. Også gjennomgangen av Filmkraft Rogaland er balansert og god.

Kultursjefen har som nemnt innleingsvis drøfta rapporten og då først og fremst tilrådingane med fylkeskultursjefen og dagleg leiar for Filmkraft. Det er semje om at tilrådingane er godt fagleg funderte og bør støttast. Kultursjefen føreset likevel at dersom departementet vel å ta tilrådingane til følgje, heilt eller delvis, blir endeleg forslag til kriteriemodell sendt på høyring. Kva slags konklusjon Stavanger då vil landa på, vil vera avhengig av den konkrete utforminga av modellen.

Forslag til vedtak

Kommunalstyret for kultur og idrett tek evalueringsrapporten «For en neve dollar mer. En evaluering av den statlige støtten til regionale filmfond» til orientering, og støttar rapportens tilrådingar om modell for deling av den statlege støtta til dei regionale filmfonda.

Halvor S. Karlsen
direktør

Rolf Norås
kultursjef

Trond Lie
saksbehandlar

Trykt vedlegg:

«For en neve dollar mer. En evaluering av den statlige støtten til regionale filmfond», rapport 9/2011, Ideas2evidence.